

# Bestandsplan for Elg, Hjort og Rådyr Skjåk Almenning og Skjåk Utmarksråd 2024-2026



Foto: Birgit Bilstad / Kristen Dagsgard

## Innhold

1.	Lovgrunnlag .....	2
2.	Område og organisering .....	2
3	Elg .....	2
	3.1 Vurderingsgrunnlag .....	3
	3.2 Målsetjingar .....	7
	3.3 Avskytingsmodell og verkemiddel .....	7
	3.4. Avskytingsmodell .....	8
4	Hjort .....	9
	4.1 Vurderingsgrunnlag .....	9
	4.2 Målsetjingar .....	12
	4.3 Avskytingsmodell og verkemiddel .....	12
5	Rådyr .....	13
	5.1 Vurderingsgrunnlag .....	13
6	Jakttider .....	14
7	Diverse planføresegner .....	14
	7.1 Kontrakt med jaktlaga .....	14
	7.2 Oppsyn .....	14
	Vedlegg 1 .....	15
	Vedlegg 2 .....	16

## 1. Lovgrunnlag

Det rettslege grunnlaget for bestandsplan er nedfelt i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 19. Skjåk Almenning og Skjåk Utmarksråd har valt å samarbeide i forvaltninga av elg, hjort, og rådyr, og har difor utarbeidd ein felles bestandsplan for dei to valda. Dei to valda blir no eitt bestandsplanområde, jf. same forskrift §§ 2 og 14. Eit bestandsplanområde er der to eller fleire vald er i eit forpliktande samarbeid, og har felles målsetjingar og bestandsplan for dei hjorteviltartane det skal jaktast på i området.

## 2. Område og organisering

Planområdet omfattar 2 vald, Skjåk Almenning og Skjåk Utmarksråd. Skjåk Utmarksråd ligg lengst aust i kommunen, og grensar i aust mot Lom kommune på baa sider av dalføret. Mot vest grensar valdet mot Skjåk Almenning, som har resten av det teljande arealet i kommunen. Mens Skjåk Utmarksråd er samansett av mange ulike grunneigarar organisert i 6 grunneigarlag, er Skjåk Almenning ein og same grunneigar. Valda med tilhøyrande jaktfelt er vist i kart. For jakt på elg og hjort er valda delt opp i ulike jaktfelt, vist i tabellen nedanfor. For rådyr, sjå eiga kapittel. Det teljande arealet er utrekna ved at ein stort sett har brukt skoggrensa i bygda som yttergrense, med tillegg av noko areal i vierregion i Lendfjellet og på Kummemyrane. Litt dyrka mark i Reppen er også teke med.

Vald	Jaktfelt	Teljande areal (daa)
Skjåk Almenning	1. Billingsdalen	22 000
	2. Grotli	26 000
	3. Honnsrøve	32 000
	4. Nordmannskrokan	26 000
	5. Uppnåse	28 500
	6. Sota	28 000
	7. Snogskriu	28 500
	8. Tundradalen	26 000
		217 000 daa
Skjåk Utmarksråd	1. Aura-Storgrove	15 150
	2. Aura-Brua	8 280 + 400 (innmark)
	3. Brua-Lom grense	3 050
	4. Baksida	12 320
	5. Lundadalen bakside	8 930
	6. Skjøle-Åbue	19 700
		67 430 + 400 daa
<b>Totalt</b>		<b>284 830 daa</b>

I arealet til Skjåk Almenning tilhøyrer ein liten del Bråtå grunneigarlag. Oppgjer for jakta blir gjort i medhald av inngått avtale.

## 3 Elg

Ein av dei største utfordringane elgstamma står overfor, er utviklinga i slaktevekter og produktivitet. Desse to ting heng i stor grad i saman.

Den negative utviklinga gjeld ikkje berre i Skjåk, men det er ein særdeles negativ trend også elles i store delar av Sør-Norge. Ein presiserer at dette gjeld elgen i mykje større grad enn hjorten.

Det er mest sannsynleg fleire faktorar som påverkar dette i større eller mindre grad;


1. Tilgjenge på god og næringsrik føde gjennom sommarhalvåret
2. Tilgjengeleg vinterbeite
3. Klima
  - Elgen er skapt for eit kaldt klima, og den trivst ikkje når det blir for varmt.
  - Kvaliteten på beite blir påverka av klima og temperatur

- Kaldt vær gjennom sommaren gjev stort sett positivt utslag på slaktevektene for elg og dermed også produktivitet.
4. Tidspunkt for paring og dertil kalvingstidspunkt (for seint fødte kalvar vil ha problem med å oppnå same vekt som dei som er født tidlegare).
  5. Auke i sjukdom / parasittar, både som kjem naturleg med klimaendring og spreiding ved vandring, og ved hjelp av menneskeleg reise og aktivitet både direkte og indirekte.
  6. Bestandsstørrelse
  7. Bestandssamansetning
  8. Forstyrningar i særleg sårbare periodar (paringstid, kalving, vinter / vår).
  9. Genetisk materiale i bestanden.
  10. Uttak av type dyr gjennom jakt.

Mange av faktorane er det vanskeleg å gå gjort noko med, medan andre er mogleg å påverke gjennom for eksempel jakttid og uttak av type dyr.

### 3.1 Vurderingsgrunnlag


I vurderingsgrunnlaget er det brukt tidsseriar for fellingsstatistikk, sett-elg, aldersanalyse og 7-dags teljing. I tillegg er det brukt vårteljing på innmark.



Utvikling i felte elg per år og sett elg per jegerdagsverk i Skjåk i perioden 1985-2023. Merk at det var endring i føring av sett elg frå og med 2021, slik at denne indeksen ikkje kan direkte samanliknast med tidlegare år.

Uttaket av elg i planområdet har sidan 1985 auka jamt. I 2011 og 2012 var det ein mindre topp i uttaket, og sidan 2013 har uttaket gått jamt oppover frå 67 elg til rekordhøge uttak på 130 elg i 2019 og 133 elg i 2020. I likskap med uttaket av elg har sett elg pr. jegerdagsverk gradvis auka, med ein topp i 2019. Frå og med 2021 vart metoden for å telje dyr endra, og difor er sett elg per jegerdagsverk i perioden 2021-2023 mest sannsynleg overestimert noko i høve data frå tidlegare. Det kan indikere at kurva ville peika meir ned ved gamal metodikk enn det den viser nå, som strengt tatt ikkje er heilt samanliknbart.


7. dags teljing og sett elg indikerer at bestandsstorleiken har flata ut, og kanskje er på tur nedover – mot målet.




Beitesommaren 2022 var mest sannsynleg svært bra i Skjåk. Den var både kald og delvis våt, og gjorde nok sitt til at det var god tilgang på næringsrik mat i ein lengre periode. Ein såg det att på slaktevektene på alle typar dyr hausten 2022, og det gjorde nok også at fleire kyr fekk kalv året etter. Sommaren 2023 var ikkje like gunstig med tanke på beite, med ein svært varm og nedbørsfattig mai og juni, fylgt av mykje nedbør og kald juli og august. Klima, vær og beite er parameter ein ikkje får gjort noko med, men ein ser at det påverkar bestanden direkte – og gjer det ekstra utfordrande å forvalte.

Produktiviteten i stamma er uansett for låg i høve målsettinga, men vi håpar likevel at vi er på rett veg med lågare bestand og uttak av mest mogleg små og mindre produktive dyr.

Sett ku/okse seier noko om kjønnsfordelinga i bestanden, og om «tilgjenge» på oksar. Denne har vore relativt stabilt over tid, men i 2022 var den nede i 1,04. Generelt har den vore låg i Skjåk over mange år - noko som gjev rom for uttak av fleire oksar i neste bestandsplanperiode.




Vektutviklinga hjå kalv og ungdyr varierer frå år til år, men har halde seg nokolunde stabil sidan midten av 90-talet og fram til 2018. Ein hard vinter i 2017/2018 kombinert med ein ekstrem tørkesommar i 2018, i tillegg til for stor bestand, har mest sannsynleg gjort sitt til at vektor på både kalv, men særleg ungdyr har gått nokså dramatisk ned sidan 2016. Ein kan håpe at premiering av uttak av små kalv/ungdyr og auka bevisstgjerung blant jegerane har bidrege til at ein har teke ut fleire av dei minste dyra, men det forklarar neppe heile den nedgåande trenden. Ein ser litt av same trenden i materialet for vaksne dyr også, det blir stadig lengre mellom dei verkeleg tunge dyra. Unntaket var som nemnt før i 2022, med den gode beitesommaren som gav utslag på slaktevektor på alle kategoriar dyr.



Den prosentvise fordelinga på uttaket av kategori dyr har lege relativt stabilt, men der det høgaste uttaket har vore på kalv - litt over 40 % i den siste perioden. Dette er noko høgare enn det som har vore planlagt, men gjort litt bevisst fordi ein ynskjer å ta ut mest mogleg små kalvar. Alder på felte vaksne dyr (3+) har vore stabil så langt data går attende i tid (1996), og låg i snitt på 6,3 (5,4) år for ku og 7,2 (6,3) år for okse i førre bestandsplanperiode 2021-2023 (bestandsplanperiode 2018-2020 i parentes).


Særleg i perioden 2018-2020 vart det teke ut ein høvesvis stor andel vaksne og delvis store (tunge) kyr. Dette med mål om å få ned bestanden totalt sett, og særskild i jordbruksområda – noko som var fornuftig med tanke på bestandsreduksjon og konfliktnivå i høve jordbruket. Derimot trur ein at dette kanskje har gjeve noko utslag i produktiviteten dei etterfylgjande åra, og kanskje var det ikkje berre lurt å skyte ned nærast ukritisk dei aller beste produksjonsdyra. Ein ynskjer difor også i neste bestandsplanperiode å vere meir varsam i uttaket av dei største kyrne – og vri avskytinga meir mot mindre kyr.

Elles tildelar vi fleire kategoriar dyr enn det som kjem fram i grafen under (som fylgje av vektgrenser og taggar), slik at den blir noko misvisande i høve det faktiske uttaket i høve målsettinga vår.




### Vårteljing

Vårteljing på innmark er ein metode som gje eit nytt verkty for forvaltninga i form av eit konkret minimum dyretal på våren før kalving. Dette er det næraste vi kjem ein utgangsbestand, der ein saman med parameter frå sett og skutt, kan simulere bestandsutvikling gjennom ulike uttak. Kor stor del av stamma ein kan rekne med at er på innmark om våren er mykje avhengig av tilgjenge på anna beite i skog og fjell, som igjen avheng av temperatur og snømengde den enkelte vår. Resultata frå vårteljinga kan tyde på ein bestandsreduksjon på rundt ein tredjedel frå 2020 til 2023.



Med bakgrunn i dette er det gjort estimering av bestandsutviklinga på vinterbestand og kalveproduksjon per år ved ei avskytning på 85 elg per år i planperioden, med ein estimert utgangsbestand på 275 til 350 elg. Føresetnadar for modellen er nærare skildra i vedlegg 1.



### 3.2 Målsetjingar

Det er viktig at både rettshavarane og kommunal viltforvaltning kjem fram til kva mål ein skal ha i elgforvaltninga, samt kva tiltak som må setjast i verk for å nå måla. Overordna mål er å ha ei produktiv og frisk elgstamme med god kjønns- og aldersfordeling. Bestanden må tilpassast beiteressursane i området, og innanfor desse rammene skal bestanden kunne haustast med eit størst mogleg uttak av kg elgkjøt per år. Samstundes vil ein framleis legge vekt på uttak av dyr nær jordbruksområde, og meir effektiv og målretta uttak av «innmarkselg» som gjer skade gjennom sommaren. I tillegg ynskjer ein å ha fokus på å behalde dei viktigaste produksjonsdyra for framtida, og difor vidareføre verkemiddel for å spare viktige produksjonsdyr, og premiering av uttak for små dyr.

Konkrete mål for planperioden er:

- Å stabilisere elgstamma slik at årleg uttak framover utgjer tilveksten med eit uttak på 45-65 elg pr. år.
- Ku/okse-tilhøvet skal noko opp, der målet er å stabilisere dette på 1,4-1,8 ku per okse.
- Kalvingsrate bør opp. Parametrane bør være: Kalv/kalvku >1,2 og kalv/ku > 0,6.
- Leggje ein større del av jaktuttaket på oksar med dårlege vektor og gevir, samt fortsette uttaket av skrapdyr og generelt små vaksne dyr.
- Fortsette uttaket av «innmarkselg» tidleg i jakta.
- Fortsette å stimulere til uttak av småfalne dyr med bla. redusert pris, nedklassifisering og eiga skrapdyrkvote / tiltakskvote.
- Vidareføre verkemiddel for å behalde dei beste produksjonsdyra.
- Stamma må vera tilpassa beiteressursane i området, og at ein innafor desse rammene skal kunne hauste eit størst mogleg uttak av kg elgkjøt per år.
- Følgje med på beitetrykket av skog.
- Fokus på korrekt utfylling av sett-elg, samt vidareføre 7-dags teljing. Alle jaktlag skal fylle inn sett og skutt-data fortløpande elektronisk på settogskutt.no.
- Ynskjer store og produktive dyr og elguksar med gode geviranlegg.
- Ha minst ei, helst fleire vårteljingar per år for å få minimumstal på bestanden, særleg i år der det ligg til rette for gode teljingar.

### 3.3 Avskytingsmodell og verkemiddel

#### 3.3.1. Verkemiddel

##### I) Kategori dyr

Kalv:	Årskalv
Piggokse:	I kategorien piggokse inngår oksar 1,5 år og eldre der den eine sida <u>kun har 1 ugreina stang</u> . Den andre sida kan vera forgreina, med maksimum 3 taggar. Tagg er gjeldande ved 2 cm lengde, jf. offentlig målereglement. Vaksne oksar under 150 kg.
Småku:	Ungdyr kvige (1,5 år, samt vaksen ku under 150 kg)
Ku	Vaksen ku (2,5 år og eldre) og med slaktevekt over 150 kg.
Fri okse:	Vaksen okse (2,5 år og eldre)

Småokse: Okse med maksimum 4 taggar på eine sida. Dersom eine geviret er mista eller tydeleg knekt (hovudstang / skovl) gjeld antal taggar på andre sida.

## II) Verkemiddel

- Bruk av vektgrenser for retta avskyting skal stimulere til uttak småfalne dyr (SA).
- Bruk av vektgrenser for å rette avskytinga frå dei aller største produksjonsdyra (SA).
- Skilje mellom Vakse ku (2,5 år +) og ungdyr kvige (1,5 år), men innføre ny vektgrense der alle vaksne kyr under 150 kg går som ungdyr og blir kalla «småku».
- Fortsette å frede ku med tvillingkalvar.
- Vidareføre kategori for småoksar, men endre litt på definisjonen. Målet er å få ut fleire uksar med små gevir, returoksar og oksar med usymmetrisk gevir med genetisk årsak. Ein vil på det sterkaste oppmode jegerane til å spare unge oksar med gode geviranlegg.

## III) Skrapdyrkvote / tiltakskvote / «fallviltkvote»

Bestandsplanområde disponerer ei felles skrapdyr / tiltaks/ «fallvilt»kvote på inntil 30 dyr pr. år. Under denne kategorien kjem dyr som i utgangspunktet ville blitt fallvilt, men som i jakttida kan takast ut av jaktlaga. Til dømes skadde dyr eller sær sars aggressive og nærgåande dyr. Felling av slike dyr skal avklarast som ved fallvilt. Det er rettshavar som har disposisjonsretten til slike dyr, men jaktlag kan få kjøpe slike dyr til fallviltpris.

Skrapdyr er definert som sær små dyr med slaktevekter godt under det som er normalt, men jaktlag kan få kjøpt slike dyr til ein rimeleg pris. Pris blir fastsett i kontrakt mellom jaktlag og rettshavar.

- Vektgrensane for skrapdyr er:

Årskalv: 45 kg

Ungdyr elg (1,5 år): 90 kg

## IV) Tiltakskvote

Bestandsplanområde disponerer ei felles tiltakskvote på inntil 30 dyr per år. Dyr som kjem i denne kategorien vil ikkje belaste kvota til jaktlaget.

### 3.4. Avskytingsmodell

- 5 % ku (2,5 år og eldre)
- 5 % fri okse (2,5 år og eldre)
- 30 % småokse
- 20 % småku
- 10 % piggokse
- 30 % kalv
- Årskalv kan fellast for alle kategoriar dyr
- Tvillingku med avkom er freda gjennom heile jakta.

I bestandsplanen blir det derfor lagt opp til eit uttak av 85 elg i gjennomsnitt per år gjennom heile bestandsplanperioda (ein reknar med ca. 10 skrapdyr/tiltak/ «fallviltdyr» kvart år i tillegg til ordinært tildelte dyr). Det er vist til berekningar med føresetnadar i vedlegg 1.

År	Skjåk Almenning	Skjåk Utmarksråd	Skrapdyr/tiltak/«fallvilt»	Totalt
2024	60	15	30	105
2025	60	15	30	105
2026	60	15	30	105
Sum	180	45	90	315

I tillegg kjem felles kvote på inntil 30 dyr på skrapdyr/tiltak /«fallvilt» kvote kvart år. Totalt antall dyr blir derfor inntil 315 elg i løpet av bestandsplanperioden.




## 4 Hjort

### 4.1 Vurderingsgrunnlag

I vurderingsgrunnlaget er det brukt tidsseriar for fellingsstatistikk, sett-hjort, aldersanalyse og teljing på innmark om seinhausten og våren.

Det er ikkje så lange dataseriar for hjorten i Skjåk, og dei data vi har gjeld frå 2004 og fram til i dag. Det manglar nokre registreringar for jaktåra 2008, 2009 og 2010, delvis pga. dårleg utfyllinga av sett-hjort skjema. Det har vore ei jamn auke i sett hjort pr. jegerdagsverk frå 2011-2017. Her er det verd å merke seg at frå 2012 skulle alle sette hjortar rapporterast, også dei som gjekk på dyrka mark. Kurva for sett hjort per jegerdagsverk har flata ut, medan talet på felt hjort har dobla seg frå 2017 til 2023.




(Merk: Frå 2012 vart all sett hjort registrert i sett-hjortskjemaet, altså også hjort på innmark. Før den tid berre hjort som vart sett under jakt.)


Bestandssamansetning og slaktevekter for hjorten held seg på eit stabilt godt nivå. Ein var litt spent på korleis innføring av kategorien «kalv/ungdyr/8 taggar» ville ha for uttaket av bukk, men det ser ikkje ut til at dette har slege negativt ut, mest sannsynleg for at bestanden er i vekst og uttak av dei minste bukkane ikkje har så mykje å sei. For å gjere det litt enklare for jegerane å ta ut mest mogleg dyr, ynskjer ein å fortsette med denne kategorien i tildelinga, og heller stramme inn på andelen fri bukk. Grunnen til det, er at ein har ein teori om at fleire store bukkar i eit område held att ein del hind og «smådyr» dersom dei største bukkane får etablere attraktive brunstområde. Vi har eit inntrykk av at i område der det er skote ut fleire store bukkar over fleire år, blir desse områda raskare tømte for hjort nå i dei tidene brunsten startar, samanlikna med tidlegare når store bukkar fekk etablere brunstområde. Med dette håpar vi å fordele hjorten meir spreidd i kommunen over eit lengre tidsrom i jakta, og redusere dei største flokkane lengst aust.

Vinterbestanden av hjort i Skjåk er for høg. Det er ei utfordring at mange av dyra mest sannsynleg trekker til jordbruksområde i Skjåk sist i jakta/etter jakta, og at mange dyr står i vanskeleg tilgjengeleg terreng i høve jakt, i hovuddelen av jakta.

I praksis har det vore nærast fri kvote på hjort i Skjåk dei siste åra, då det har vore tildelt rikeleg med tilleggdyr av alle kategoriar dyr med unntak av vaksen bukk (kategori «Fri bukk»). Ikkje eit einaste år i førre bestandsperiode vart tilleggdyrkvota fyllt verken i SA eller SU.




Utviklinga i bestandssamansetninga i høve «sett -hjort» data i Skjåk viser ikkje så mykje endring i bestanden dei siste 10 åra, anna enn at hjorten har høg produktivitet og at det kanskje er ei lita auke på sett hind per bukk dei siste to åra.



(Resultatet av aldersbestemming på hjort for 2023 er ikkje klart, difor er vektene på hjort 3+ ikkje med i figuren for 2023).


For å få ned hjortebestanden vart andelen hind i førre bestandsplanperiode auka til eit mål om uttak på 35 %. At dette er vanskeleg å lykkast med skuldast i hovudsak at all jaktetikk tilseier at jegeren skal skyte kalven før morddyret – og det er ikkje alltid ein greier å skyte begge.



Avskytingsprofil av kategori dyr dei enkelte år frå 2004 – 2023.

### Teljingar

Teljingar er utført av den same gruppa kvart år. Det er ikkje lagt vekt på samansetning / type dyr i teljingane, hovudpoenget er å få ei minimumsanslag på antal dyr totalt som ein kan ta utgangspunkt i. Der ein har fleire teljingar på ein sesong, tek ein utgangspunkt i den teljinga med mest dyr.



I førre planperiode vart det lagt opp til 250 dyr i uttak årleg. Frå rettshavarane si side er det lagt til rette for dette gjennom romsleg tildeling av tilleggdyr der det fyrst og fremst er opp til jegerane å felle det dei greier. Med fasit i hånd ser ein at 250 dyr årleg ikkje var realistisk og gjennomsnittleg er 195 dyr felt årleg. I berekningar for komande periode er derfor 195 og 215 dyr brukt for å vise

korleis stamma vil utvikle seg med høvevis 600 og 700 dyr i utgangsbestanden. Føresetnadar for modellen er nærare skildra i vedlegg 2. Med ein utgangsbestand på 700 hjort, vil det vere vanskeleg å nå målet om ei årleg avskyting på 135-175 hjort.

#### Utvikling med 195 dyr i uttaket



#### Utvikling med 215 dyr i uttaket



#### 4.2 Målsetjingar

- Å redusere hjortestamma slik at årleg uttak framover stabiliserer tilveksten med eit uttak på 135-175 hjort pr. år.
- Auke årleg gjennomsnittleg uttak med 20 dyr, til 215 dyr.
- Stamma må vera tilpassa beiteressursane i området, og at ein innafor desse rammene skal hauste eit størst mogleg uttak av kg hjortekjøtt per år.
- Auka fokus på korrekt utfylling av sett-hjort. Alle skal nytte settogskutt.no.
- Legge til rette for å spare nokre fleire av dei største bukkane og spreie områdebruken i brunsttida.
- Legge hovudvekta i avskytinga på kalv/ungdyr.
- For å redusere bestanden, oppretthalde andelen vakse hind monaleg i avskytingsmodellen.
- Halde fram med teljing av hjort på innmark 3. gonger i året; mars, april og mai.
- Stabilisere sett hind/bukk på mellom 1,0-1,5.

#### 4.3 Avskytingsmodell og verkemiddel

##### Verkemiddel

##### i) Kategori dyr:

Kalv/ungdyr:	Årskalv og spissbukk 1,5 år eller unghind (1,5 år).
Kalv/ungdyr/8 taggar:	Årskalv og spissbukk (1,5 år) eller unghind (1,5 år). Bukk med maksimum 8 taggar i geviret. Tagg er gjeldande ved 2 cm lengde, jf. offentleg målereglement.
Hind:	Vakse hind (2,5 år og eldre).
Bukk:	Vakse bukk (2,5 år og eldre)

Kategori kalv/ungdyr/8 taggar skal i utgangspunktet tildelast på ordinær kvote.

## ii) Skrapdyrkvote

Kvart vald disponerer ei skrapdyrkvote på inntil 10 dyr pr. år. Dyr som kjem i denne kategorien vil ikkje belaste kvota til jaktlaget. Det er rettshavar som har disposisjonsretten til skrapdyr, men jaktlag kan få kjøpt slike dyr til ein rimeleg pris. Pris blir fastsett i kontrakt mellom jaktlag og rettshavar.

- Vektgrensene for skrapdyr er:

Årskalv: 20 kg

Ungdyr hjort (1,5 år): 30 kg

### Avskytingsmodell

- 35 % hind, 2,5 år og eldre.

- 10 % fri bukk

- 55 % årskalv, ungdyr (1,5 år) og bukk med maksimum 8 taggar i geviret.

- **MERK:** Det er berre årskalv/ungdyr som kan fellast for alle kategoriar dyr

År	Skjåk Almenning	Skjåk Utmarksråd
2024	100	260
2025	100	260
2026	100	260
Sum	300	780


Inkludert 10 skrapdyr/ tiltaksdyr i kvart vald, kvart år.

## 5 Rådyr

### 5.1 Vurderingsgrunnlag

Rådyrkvotene og fellingsprosenten har variert mykje i perioden frå 1986 og fram til i dag.

Nedgangen i rådyrbestanden (som ein kan sjå i figuren) var lik i heile Oppland, noko som kan tyde på at det er andre faktorar som regulerer bestanden enn jaktuttak. Ein veit at rådyrbestanden kan sjå ut til å variere i samsvar med innslag av gaupe i området. Sjølvstekt vil vinteren også verke inn på bestanden. Dersom bestanden er redusert vil det i fyrste omgang gjera seg utslag i redusert fellingsprosent, mogleg og redusert interesse for rådyrjakt dersom bestanden blir mindre og jakta vanskelegare. Fellingsprosenten på rådyr ligg på gjennomsnittleg 40 % dei siste 15 åra.



### Avskytingsplan/kvote

År	Skjåk Almenning	Skjåk Utmarksråd
2024	50	60
2025	50	60
2026	50	60
Sum	150	180

Ein oppmodar jegerane til å skyte bukk og kje i staden for vaksen geit.

## 6 Jakttider

Valda står sjølve fritt til å setje jakttidene innanfor jaktidsrama som er gjeve nedanfor:

Elg: 25.09 - 23.12

Hjort: 01.09 - 23.12

Rådyr: Bukkejakt 10.08-23.12. Ordinær rådyrjakt 25.09-23.12.

## 7 Diverse planføresegner

### 7.1 Kontrakt med jaktlaga

Det skal opprettast skriftleg kontrakt mellom rettshavar og kvart einskild jaktlag. I kontrakta må fylgjande opplysningar framgå:

- Kvote og pris på grunnkvote og prisar på eventuelle tilleggsdyr/skrapdyr.
- Tilleggsavgift og straffeføresegner ved feilskyting og/eller brot på kontrakt.
- Rapporteringsplikt ved feilskyting/skadeskyting.
- Alle skal rapportere sett og skutt fortløpande elektronisk i hjorteviltregisteret.
- Frist for innlevering av sett-elg og sett-hjort etter jakta, samt innlevering av kjeve.

### 7.2 Oppsyn

Kvart vald organiserer sitt eige oppsyn. Jaktlaga skal ha nummer og namn tilgjengeleg på kven som fungerer som oppsyn. I tillegg skal jaktlaga ha oversikt over kven som kan kontaktast i det kommunale vilt- og fiskeutvalet for varsling og/eller oppfølging/avslutning av ettersøk.

\*\*\*\*\*

## Vedlegg 1

Antatt bestand vår 2024 275-350 dyr.				
<b>Antatt bestand vår 2024</b>	<b>275</b>	<b>300</b>	<b>325</b>	<b>350</b>
2023/2024	240	272	303	334
Antal ukse	129	140	152	164
Antal ku	146	160	173	186
Fødde kalvar 2024	70	77	83	89
Bestand før jakt	345	377	408	439
Jaktuttak 2024	85	85	85	85
<b>Irregulær avgang</b>	<b>20</b>	<b>20</b>	<b>20</b>	<b>20</b>
Bestand etter jakt	240,22	271,61	302,99	334,38
2024/2025	240	272	303	334
Antal ukse	112	126	142	156
Antal ku	129	145	161	178
Fødde kalvar 2025	62	70	77	85
Bestand før jakt	302	341	380	420
Jaktuttak 2025	85	85	85	85
<b>Irregulær avgang</b>	<b>20</b>	<b>20</b>	<b>20</b>	<b>20</b>
Bestand etter jakt	197	236	275	315
2025/2026	197	236	275	315
Antal ukse	92	110	129	147
Antal ku	105	126	146	167
Fødde kalvar 2026	51	61	70	80
Bestand før jakt	247	297	346	395
Jaktuttak 2026	85	85	85	85
<b>Irregulær avgang</b>	<b>20</b>	<b>20</b>	<b>20</b>	<b>20</b>
Bestand etter jakt	142	192	241	290
2026/2027	142	192	241	290
Antal ukse	66	89	113	136
Antal ku	76	103	128	154
Fødde kalvar 2027	37	49	61	74
Bestand før jakt	179	241	302	364
Jaktuttak balanse 2027	17	29	41	54
<b>Irregulær avgang</b>	<b>20</b>	<b>20</b>	<b>20</b>	<b>20</b>
Bestand etter jakt	142,48	192,05	240,68	290,14



Sett elg 2021-2023				
Ukse	0,35			
Ku u/kalv	0,22			
Ku 1 kalv	0,19			
Ku 2 kalv	0,01			
kalv	0,23			
kalv per ku	0,48			

85 dyr uttak 2024-2026				
<b>Kalveproduksjo</b>	<b>275</b>	<b>300</b>	<b>325</b>	<b>350</b>
2024	70	77	83	89
2025	62	70	77	85
2026	51	61	70	80
2027	37	49	61	74

85 dyr uttak 2024-2026				
<b>Vinterbestand</b>	<b>275</b>	<b>300</b>	<b>325</b>	<b>350</b>
2024	275	300	325	350
2025	240	272	303	334
2026	197	236	275	315
2027	142	192	241	290



Bestandsestimering av elgbestanden med ulike utgangsbastandar basert på totalteljingar om våren.

## Vedlegg 2

Bestandsestimering av hjortbestanden med ulike utgangsbestandar basert på totalteljingar om våren.

Minimumstelling 19.04.2024 578 dyr			
<b>Bestand vinter 2024</b>	<b>600</b>	<b>700</b>	
<b>2023/2024</b>	537	720	Sett hjort 2021-2023
Antal bukk	282	329	Spissbukk 0,06
Antal hind	318	371	Bukk 0,28
Fødde kalvar 2024	213	249	Hind 0,4
Bestand før jakt	813	949	Kalv 0,26
Jaktuttak 2024	215	215	kalv per hinc 0,67
Irregulær avgang	25	25	Bukkandel 0,47
Bestand etter jakt	573	709	Hindandel 0,53
<b>2024/2025</b>	573	709	
Antal bukk	269	333	
Antal hind	304	376	
Fødde kalvar 2025	203	252	215 dyr uttak 2024-2026
Bestand før jakt	777	960	Kalveproduksjon
Jaktuttak 2025	215	215	<b>2024</b> 213 249
Irregulær avgang	25	25	<b>2025</b> 203 252
Bestand etter jakt	537	720	<b>2026</b> 191 256
<b>2025/2026</b>	537	720	<b>2027</b> 173 261
Antal bukk	252	338	
Antal hind	284	382	
Fødde kalvar 2026	191	256	
Bestand før jakt	727	976	
Jaktuttak 2026	215	215	
Irregulær avgang	25	25	215 dyr uttak 2024-2026
Bestand etter jakt	487	736	Vinterbestand
<b>2026/2027</b>	487	736	<b>2024</b> 600 700
Antal bukk	229	346	<b>2025</b> 573 709
Antal hind	258	390	<b>2026</b> 537 720
Fødde kalvar 2027	173	261	<b>2027</b> 487 736
Bestand før jakt	660	997	
Jaktuttak balanse 2027	148	236	
Irregulær avgang	25	25	
Bestand etter jakt	420	757	

År	600	700
2023/2024	600	700
2024/2025	537	709
2025/2026	537	720
2026/2027	420	757

År	600	700
2024	213	249
2025	203	252
2026	191	256
2027	173	261